

FestidaGen heldt fram, også med nye aktivitetar.

04.08.2017



Yoga, ein av mange populære FestidaGen-aktivitetar.

FestidaGen som starta alt onsdag heldt fram i går og i dag. Nokre av gruppene frå i går fortsette medan det også var nye tilbod. Yogasprell var heilt nytt, medan Make Up & Hår starta i går med make up og tok for seg håret i dag. Elles heldt gruppene marimba, redesign, character design og nysirkus fram.



Signe Schineller var svært imponert over kor flinke borna var.

I Yogasprell med Signe Schineller var det to grupper på til saman rundt 20 barn i sving i Helgheim. Her var det

tøyning, strekking, pusteøvingar og ballanseøvingar til passande og dempa musikk. Det heile var leikeprega knytta til dyr og dyrebevegelsar. Slange, kamel , harepus og fleire, ja, det var også framlegg frå borna om både lemen og sommarfugl.

Både borna og instruktøren var svært flinke, og så konsentrerte som dei var, så var det eit bevis på at dei lika det. Då dei skulle beskriva det dei hadde opplevd med eitt ord ved slutten av økta, var det ord som godt, gøy, deileg og bra for kroppen som gjekk att.

Signe Schineller er den mest aktive yoga-instruktøren i kommunen. Ho fortalte etterpå at det var første gongen ho hadde timer med born. Ho var imponert over kor flinke dei var, og det er ikkje tvil om at yoga er ein fin aktivitet for born. Ho sa at ho vil prøva å gje tilbod til born i framtida.

I morgon vert det endå ein ny aktivitet på FestidaGen-programmet. Det er break-dance. Etter det vert det heile avrunda med stort FestidaGen-show i Aktivitetshuset kl.13.30. Der er det også Småstjerner.



På Make Up & Hår konsentrerte dei seg om håret i dag.



Det mangla ikkje på frisørtalent!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hege Lekva og Thor Inge Døssland.